



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Sjå adressatliste

Dykkar ref.

Vår ref.  
20/4064 - OKL

Dato  
02.09.2020

**Høyring – framlegg til endringar i forvaltningslova m.m. – større høve til informasjonsdeling**

Justis- og beredskapsdepartementet sender med dette på høyring eit framlegg til endringar i forvaltningslova m.m. Framlegget er ei dels oppfølging av utgreiinga til Forvaltningslovutvalet i NOU 2019: 5, og det går ut på å gje eit større høve til deling mellom forvaltningsorgan av opplysningar som er omfatta av teieplikt.

Fristen for å sende inn høyringssvar er **1. desember 2020**. Alle er velkomne til å koma med høyringssvar. Vi ber høyringsinstansane vurdere om saka bør leggjast fram for underliggjande etatar og andre som ikkje står på lista over høyringsinstansar.

Høyringssvar skal sendast inn digitalt ved å bruke skjemaet for høyringssvar på regjeringen.no. Høyringsfråsegner er i utgangspunktet offentlege etter offentleglova, og dei vil normalt bli publiserte.

Med helsing

Ida Sørebo e.f.  
fung. avdelingsdirektør

Ole Knut Løstegaard  
lovrådgjevar

*Dokumentet er godkjent og blir sendt utan signatur*